

## Årsmøte Valldal Idrettslag 23. april 2012

### Sakliste –

1. Godkjenne innkalling, sakliste og møtereclar
2. Konstituering
  - a. Val av dirigent
  - b. Val av sekretær
  - c. Val av 2 personar til å skrive under møtebok
3. Godkjenning av rekneskap
4. Godkjenning av årsmeldingar
5. Godkjenning av arbeidsplanar og budsjett
6. Behandle laget sin organisasjon
7. Fastsette kontingent 2013
8. Oppdatering av Lov for Valldal Idrettslag
9. Rehabilitering av delar av klubbhus
10. Kunstgrasbane
11. Val
  - a. Val av leiar for 1 år
  - b. Val av styremedlem for 2 år
  - c. Val av 2 varamedlemmar for 1 år
  - d. Val av 2 revisorar for 1 år
  - e. Val av 1 medlem til valnemnd for 3 år
  - f. Val av 1 medlem til marknadskomite for 3 år
  - g. Godkjenning av val av gruppestyrer

### **Sak 3: Årsmeldingar 2011**

Vedlegg 1

#### Framlegg til vedtak:

Framlagt årsmelding for Valldal Idrettslag inkludert undergrupper sine årsmeldingar vert godkjent og fastsett som idrettslaget si årsmelding for 2011

### **Sak 4: Rekneskap 2011**

Vedlegg 2

#### Framlegg til vedtak:

Framlagt rekneskap for Valldal Idrettslag inkludert undergrunnene sine rekneskap, med eit samla resultat på + kr 231.000 vert godkjent og fastsett som idrettslaget sitt rekneskap for 2011

### **Sak 5: Budsjett 2012**

Vedlegg 3

#### Framlegg til vedtak:

Framlagt budsjett for Valldal Idrettslag inkludert undergruppene sine budsjett vert fastsett som idrettslaget sitt budsjett for 2012

### **Sak 6: Arbeidsplan 2012**

Vedlegg 4

#### Framlegg til vedtak:

Framlagt arbeidsplan for Valldal Idrettslag inkludert undergruppene sine arbeidsplanar vert fastsett som retningsgjevande for arbeidet i idrettslaget i 2012

### **Sak 7: Lov for Valldal Idrettslag**

Tinget i Norges Idrettsforbund vedtok i 2011 ny lovnorm for idrettslag tilslutta forbundet. Vi då difor gjere justering og oppdatering av vår lov i samsvar med norm. Sjå vedlegg 5

#### Framlegg til vedtak:

Framlagt utkast til justert lov for Valldal Idrettslag vert godkjent. Justert lov gjeld frå d.d.

### **Sak 8: Laget si organisering**

I samsvar med Lov For Valldal Idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering. Det er utarbeidd framlegg til organisasjonsplan. Denne er i samsvar med justert lovframlegg og har elles ingen endringer i høve til dagens organisering. Sjå vedlegg 6

Framlegg til vedtak:

Framlagt organisasjonsplan for 2012 for Valldal Idrettslag vert godkjent

### **Sak 9: Medlemskontigent**

I samsvar med lov for Valldal Idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsette medlemskontingent. Vedtak vil gjelde for 2013

Noverande kontingent er følgjande

Barn t.o.m. 16 år	kr 300
Vaksne f.o.m. 17 år	kr 400
Familie	kr 700
Pensjonistar	kr 300
Støttemedlem	fritt beløp

Framlegg til vedtak:

Medlemskontingent for 2013 vert uendra

### **Sak 10: Rehabilitering av klubbhus**

Klubbhuset vart teke i bruk i 1989 og har etter det vore mykje i bruk. Etter 23 år viser også denne bruken på delar av huset. Spesielt er det kjøkken og delar av hovudetasje som både er slitt og heller ikkje har standard etter dagens krav. Inngangspartiet til hovudetasje bør også forbeholdt då det kan verte mykje fukt og til dels snø inne i gangen.

Ei arbeidsgruppe har sett på og kome med framlegg til nødvendige tiltak. Oppsummert er deira framlegg til rehabilitering og standardheving følgjande:

- Nytt kjøkken med ny innreiing og nye kvitevarer.
- Ny og forbetra ventilasjon på kjøkken
- Flytting av vegg mellom kjøkken og gang om lag 60 cm for å få betre plass på kjøkken
- Fornyng av golv på kjøkken, gang, kiosk og kontor. Omlegging til flis.
- Overbygg på inngangsparti hovudetasje, om lag 3 meter ut frå vegg. Område over dør og kiosk.  
Utviding av trapp, tilkomst rullestol. Dette arbeidet må gjerast i samsvar med reglar om universell utforming.
- Tiltak for lydemping i sal
- Nødvendig elektrisk arbeid og rørleggar

Desse tiltaka er kostnadsrekna m.a. utifrå tilbod frå leverandørar på inntil kr 600.000 inkl mva. Med påplussing av 15 % uforusett vil få ei ramme på kr 690.000.

Arbeidet med rehabilitering er med i "Delplan for idrett og fysisk aktivitet" i Norddal kommune og står på lista over tiltak som er aktuelle å gjennomføre i planperioden. Dette tilseier at det vil vere aktuelt for spelemidlar. Tiltaket er ikkje prioritert då det ikkje er sendt inn spelemiddelsøknad.

Utover nemnde tiltak er det nødvendig å gjere vedlikehald på golv i sal. Uavhengig av arbeidet, vil klubbhus og andre bygg verte måla i løpet av vår/sommar.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Rehabilitering av klubbhus skal gjerast i samsvar med framlegg
2. Arbeidet skal gjerast innanfor ei kostnadsramme på kr 690.000 inkl mva.
3. Det skal søkjast finansiering gjennom spelemidlar, kommunalt tilskot og mva-kompensasjon. I tillegg kjem eigne midlar, dugnad og eventuelle gåver.
4. Styret får oppdrag å gjennomføre arbeidet i løpet av 2012.

## **Sak 11: Kunstgras**

For 25 år sidan vart Valldal stadion åpna. Dette var eit stort løft for idrettslaget og stor innsats vart lagt ned for å få dette på plass. Eit moderne anlegg med grasbane med fulle mål og 400 meter løpebane med grus, i tillegg for områder for tekniske øvingar i friidrett. Med nær tilknytning til lysløype, gamle Idavollen med grusdekke og etter nokre år klubbhus, har dette vorte eit nær sagt komplett anlegg.

Etter som åra går endrar bruken seg, aktivitetar kjem til og andre vert redusert. Det er har også vorte ei rivande utvikling i underlag på fotballbaner. Tema kunstgras har vore opp i Valldal IL i fleire år, m.a. med møte med kommunen, men det har ikkje vore noko årsmøtevedtak på å arbeidet med dette

Treng Valldal kunstgras ?

Vi har to fotballbaner, ei 11-ar bane med gras og ei grusbane som ikkje har fulle 11-ar mål. Valldal har i 2012 påmeldt 10 lag i kretsseriane. Alle lag er i aldersbestemte klasser og det er 7- ar/5- ar lag. Eldste lag er J16, det er ikkje gutelag i denne klassen. Kapasiteten på grasbana er til tider sprengd. Like ved ligg det ei god grusbane som ikkje vert brukt. Kvaliteten på denne vert gradvis redusert grunna for lite vedlikehald. Bruk av begge baner ville avlaste grasbane, som både ville gje mindre slitasje på denne og større total aktivitet.

Brukstida på grasbana er frå mai til oktober, avhengig av når våren kjem. Vanlegvis vert den teken i bruk for tidleg, slik at slitasjen vert større enn nødvendig. Grusbana har ubegrensa brukstid ved brøyting og der er også brukbart flomlys for trening. Som nemnd vert den i svært liten grad brukt, heller ikkje til trening.

Utifrå dette treng ikkje og *må* ikkje Valldal IL bygge *fleire* baner. Kapasiteten er tilstrekkeleg både på kort og lengre sikt.

Men treng Valldal *kunstgras*... ?

Kunstgras har etter kvart vorte eit "must" for alle fotballag. I ulike samanhengar vert den peika på at Norddal er den einaste kommunen som ikkje har kunstgrasbane på Sunnmøre. Spesielt dei 10 siste åra har det vore ein eksplosjon med kunstgrasbaner. Kvifor? Det som det først og fremst vert peika på er brukstida. Også Fotballforbundet og offentlege myndigheit oppmodar til å bygge kunstgras for å kunne gje fleire og meir tilbod om aktivitet. Slik sett, for at Valldal skal "følgje med tida" så er det aktuelt med kunstgras.

Truleg vil kunstgras auke aktiviteten. Det viser seg at gode og tilrettelagte anlegg er nødvendig, jfr oppkøyrd skiløyper, preparerte bakkar, m.m. Kunstgras ligg i tida, det brukar dei store klubbane meir og meir, og det er underlaget når ein spelar på på bortebane. Grusbane verkar som det ikkje lenger er godt nok.

Kunstgrasunderlag vil også gje større bruksmulegheit for uorganisert aktivitet. Ein treng ikkje vere forsiktig med så forsiktig med bruk og stenge bana i periodar slik som det bør gjerast med grasbaner.

Konklusjonen er at utifrå kapasitet treng ikkje Valldal kunstgras. Men utifrå ei utvikling vi ikkje kan sjå vekk frå og å ha gode og tidsrette anlegg treng vi å starte planlegging av eit slikt anlegg.

Kva med Valldal stadion ?

Grasbana på Valldal stadion er i brukbar stand. Det er ikkje store setningar i grunnen etter 25 år. Graset har bra kvalitet sjølv om det meir og meir ugras innblanda. Bana har ujamnheiter spesielt på områder med hard bruk, t.d. målområde. Drenering er god slik at det er svært sjeldan overvatn på bana. Motsatt er det større behov for vatning i tørre periodar.

Friidrettsbana er prega av for lite bruk. Områder for tekniske øvingar er dårlege og til dels attgrodd. Den vert også påverka av gras og grasklipping frå fotballbana, slik at grusen ikkje har nødvendig kvalitet. Sargen mellom gras og grus er mange plassar dårleg.

Det er ikkje gjort noko særskild vurdering av dette, men det kan stå føre ei renovering av grasdekket og løpebaner, for å bevare anlegget. Det kan imidlertid vere lite hensiktsmessig å rehabilitere naturgras til naturgras. M.a. er det lite offentleg støtte til slikt.

Kvar?

Det er tidlegare nemnd at med 2 fotballbaner treng ikkje Valldal fleire. Utifrå det er det naturleg å tenke rehabilitering av eksisterande anlegg. Tidleg på 1980-talet vart det, etter vurdering av fleire alternativ, gjort eit val om at laget sine anlegg skulle plasserast på Omenås. Det er ikkje tida for å gjere andre vurderingar no, det valet må stå. Plassering i andre områder vil splitte aktiviteten i laget og truleg også laget. I tillegg må det etablerast garderober, lager osv. Det er også vanskeleg å sjå areal der eit slikt anlegg kan plasserast i nedre Valldal.

Omenås er kjent som eit "snøhol". Dette vil sette begrensingar i brukstida for kunstgras. Ei slik bane kan imidlertid brøytast. Nok ein gong kan ei god grusbane nemnast og fotballtrening om vinteren er framleis mest aktuelt innandørs. Det er mange andre klubbar i Norge som nok har større utfordringar med snø og kulde enn Valldal og som har funne si driftsform for kunstgras

Likevel vil det rette vere legge kunstgrasbane til eksisterande anlegg. Det mest aktuelle vil då vere rehabilitering av Valldal stadion, jfr også det som er skrive om tilstanden. Då vil ein få bane med fulle mål for 11-ar fotball. Det er ikkje slike lag no, men i framtida? Det vil vere plass til to 7-ar bane og inntil to 5-ar baner.

I tillegg vil dette gje mulegheit for nødvendig rehabilitering av friidrettsdelen med kunststoffdekke. Eit moderne og flott anlegg kan gje grunnlag for auka aktivitet også for desse. Det er ikkje aktuelt å ta vekk friidrettsbana og det kan heller ikkje gjerast p.g.a. spelemidlar ved bygging og at anlegget må bestå i 40 år.

Grusbana er mindre aktuell for kunstgras. Der er ikkje plass til meir enn ei 7-ar bane utifrå krav til mål, og det vil bandlegge heile bana. Eit deling med både gras og kunstgras, vil også auke vedlikehaldsbehovet.

Ved plassering på Omenås vil Valldal IL framleis ha eit komplett, moderne og samla idrettsanlegg. Anlegget kan også verte attraktivt å leige ut til trening m.v. med nærheit til turistanlegg og hytteområder.

Bruk/vedlikehald –

Brukstida for fotball vert auka med kunstgras, særleg i endane av sesongen. Heilårsbruk er vanskeleg å sjå for seg og heller ikkje nødvendig med dagens aktivitet. Brøyting vil også slite på banedekket og forkorte levetida. Det vil vere heilt nødvendig å ha ljosanlegg ved eit slikt anlegg for å forlenge brukstida

Dette vil verte eit fleirbruksanlegg der fleire idrettar har sine aktivitetar. Slik det er no, har både fotball og friidrett aktivitet til same tid. Dette er til uheldig. Med auka bruksmulegheiter vil dette truleg ikkje verte mindre kollisjonar. Valldal stadion er også ein del av lysløypa. Ved utvida sesong for fotball og evt. brøyting av stadion kan dette medføre interessekonflikter. Dette er slikt som må løysast ved å lage retningslinjer for bruk og felles forståing av desse.

Kunstgras er langt frå vedlikehaldsfritt. Det trengs mest like mykje som for gras. Graset må slåddast kvar veke, det må rensast og luftast og det trengs utstyr til slikt.

Økonomi/framdrift–

Rehabilitering av Valldal stadion vil vere eit stort løft. Det føreligg ikkje noko berekning av kostnader, men utifrå erfaring frå andre vil det truleg dreie seg om eit beløp på rundt kr 9 mill. inkl mva. Av dette utgier sjølve fotballbana med kunstgras 2,5 – 3,0 mill. I tillegg kjem grunnarbeid, lysanlegg, friidrettsbane og gjerde, portar m.m. (tal frå Stordal IL)

Finansiering vil vere refusjon av 25 % mva og i tillegg ei deling mellom spelemidlar, kommunalt bidrag og eigne midlar/dugnad. Anlegget er med i ”Delplan for idrett og fysisk aktivitet” i Norddal kommune og står på lista over tiltak som er aktuelle å gjennomføre i planperioden. Dette tilseier at det vil vere aktuelt for spelemidlar. Tiltaket er ikkje prioritert då det ikkje er sendt inn spelemiddelsøknad.

Ved eit positivt vedtak vil vidare arbeid vere å planlegge rehabilitering med detaljerte kostnader og finansiering. Søknadsfrist for søknad om spelemidlar er 1.10. Det er viktig å få sendt inn søknad, då det er etterslep på spelemidlar for kunstgras på inntil 5 år. Difor vil det etter kvart måtte gjerast vurdering på oppstart av arbeidet opp mot finansiering.

I planleggingsarbeidet vil det også vere naturleg å ha eit nært samarbeid med grunneigarar og naboar.

Framlegg til vedtak:

1. Valldal Idrettslag startar arbeid med planlegging av stadion med kunstdekke
2. Planlegginga skal ta utgangspunkt i rehabilitering av Valldal stadion
3. Fullstendige planar med kostnader og finansiering skal leggest fram for ekstraordinært årsmøte for endeleg godkjenning.

## Sak 12: Val

### Valnemnda sitt framlegg:

Styre i Valldal IL

Leiar: Einar Hoel for 2012 (attval)  
Nestleiar Lars Bjarne Sandnes ikkje på val  
Styremedlem: Arvid Frostad ikkje på val  
Styremedlem: Karianne Vestre Døving ikkje på val  
Styremedlem: Yvonne Dale for 2012-13 (attval)

1. varamedlem: Trond Håvoll for 2012 (ny)
2. varamedlem: Torkjell Bjørstad for 2012 (attval)

Revisorar: Kåre Erstad for 2012 (attval)  
Aksel Døving for 2012 (attval)

Marknadnemnd: Hillevi Hovden Huss ikkje på val  
Monica Kaldhusdal ikkje på val  
Monica Hovden Larsen for 2012-14 (ny)

Framlegg til valnemnd:

Inge Sunde ikkje på val  
Bente Larsen Håvoll ikkje på val  
Olav Løvoll for 3 år (ny)

Val av utsending til årsmøtet i Norddal Idrettsråd, 2 personar  
Val av representant til styret for Valldal Samfunnshus, 1 person

### Godkjenning av val i undergrupper:

Fotballgruppe - Ellisiv Valdal Jarvik for 2012 (attval) styremedlem Valldal IL  
Anders Rem ikkje på val  
Hege Bjørstad 2012-13 (ny)  
Kjersti Magnussen 2012-13 (ny)  
Knut Ove Myklebust ikkje på val

Monika H Lingaas 1. vara 2012 (ny)  
Håvard Sunde 2. vara 2012 (ny)

Frøidrettsgruppe- Magne Eivind Glomnes for 2012 (attval) styremedlem Valldal IL  
Heidi Erstad Hoel ikkje på val  
Lars Tomas Bersås 2012-13 (ny)  
Kjersti Magnussen 2012 -13 (ny)

Håvard Sunde 1. vara 2012  
Linda Lødøen 2. vara 2012



Langrennsgruppe-

Aksel Indreeide	ikkje på val
Turid Løvoll	ikkje på val
Jan Ole Fuglem	2012-13 (ny)
Mariann M Sunde	2012-13 (ny)
Anett Steinnes	1. vara 2012 (ny)
Per Jomar Nerli	2. vara 2012 (attval)

Trimgruppe-

Dagrun Rem	ikkje på val
Lillian Hoel	ikkje på val
Nelly Ytterli	2012-13 (ny)
Odd Martin Hoel	2012-13 (ny)
Borghild Ruset	2012-13 (ny)
Svein Ove Døving	1. vara 2012 (attval)
Liv Hanne Svensvik	2. var 2012 (attval)

Det er ikkje valt leiar på gruppeårdmøtet. Gruppestyret må snarast velje leiar, som vert styremedlem i Valldal idrettslag. Styret i laget får fullmakt å godkjenne dette valet.